

Kan Børneset Næringsområde vera aktuelt for Felleskjøpet.

31.01.2020



Skissen syner Felleskjøpet sine standard bygg - eksteriør.

**Etter at Fylkesmannen har varslet motsegn til plassering av Felleskjøpet på Ridebanetomta sentralt i Rosendal, har utbyggjar lagt planane bort. Lokal motstand har også medverka til at plasseringa er skrinlagd. Slik det kjem fram i media, vurderer Felleskjøpet ny plassering og ser seg om etter ei eigna tomt i kommunen. Uskedalen.no kjenner til at plassering på Børneset Næringsområde har vore drøfta på medlemsmøte i Felleskjøpet Rogaland, utan at dette alternativet har fått støtte i leiinga.**

Bonde og medlem Arne Johannes Haugland stadfestar at han og fleire har fremja dette synet to gonger på medlemsmøte, både i 2018 og 2019. Så seint som for to veker sidan vart det dessutan gjennomført ein underskriftssaksjon mot plassering på den tiltenkte tomta i Rosendal og at ein burde sjå på andre alternativ. Underskriftslista er sendt til styret i Felleskjøpet, direktør og til dagleg leiar i Kvinnherad.

Frå Uskedal Bondelag er det bekrefta at landbruket som næring ikkje har hatt saka om plassering oppe.



Børneset Næringsområde og tomtane slik dei er oppdelte i dag.

Børneset Næringsområde ligg sentralt i kommunen og er godt eigna til Felleskjøpet sine føremål. Arbeidet med ny detaljregulering er venta å vera sluttført i inneverande år. Problemene med ei plassering på Børneset kan vera

at noverande areal langt på veg er delte opp i tomter, som igjen er selde. Nokre tomteeigarar har alt konkrete planar for kva arealet skal brukast til.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal  
Skisser: Henta frå ulike plandokument



Felleskjøpet sin logo - butikken.